



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: d337d89e-a1f5-47f7-a3ae-f6e266d4a660

Vår: 23/3893 - 23/38050

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

16.05.2023

VEG - uttale - dispensasjon 9 bustader gbnr 137/783 Alver

Eigedomsforvaltning v/avdeling for veg har fått dispensasjonsaka til uttale og har fylgjande merknader i saka:

Vegen inn til Nedre Mangerbua er regulert til offentleg veg fram til areal BB. Det har ikkje vore godkjent sluttsynfaring og vegen er pr. i dag ikkje tatt over til offentleg drift og vedlikehald. Reguleringsplan for området gir høve for oppsetjing av konsentrert bustad/blkk med inn til 12 bueiningar og det er i dispensasjon søkt om oppføring av totalt 9 bueiningar. Dette er ein reduksjon og vil positivt redusere trafikkbelastninga i Nedre Mangerbua.

Det er regulert snuhammar i enden av regulert offentleg veg, ved pumpestasjon, der tursti startar. Det er og regulert leik/møteplass i dette området. Det er viktig at dette området vert gjera inn med port mot snuplass for å unngå trafikkfarlege situasjonar.

Det må sikrast opparbeida eigna område for buss og post som avmerka i reguleringsplan. Regulert snuplass skal ikkje nyttast til dette formålet.

Fast parkering så tett på den offentlege snuplassen er uheldig. Det kan fort oppstå skader på køyretøy som står parkert slik. I tillegg er det lett å nytte snuplassen til ekstra parkering som er til hinder for formålet og normal drift av det offentlege regulerte vegarealet.

Rekkefølgekrav til plan for Nedre Mangerbua har krav om at før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest til nye bustader innanfor område BB og B5 skal eksisterande kryss mellom nedre og øvre Mangerbua sikrast opparbeidd med tilstrekkelege siktsonar knytt til dagens utforming av krysset. Utforming av krysset er lik i dag som i 2015, så det må sikrast at siktforholda i krysset er innanfor krava før bruksløyve/ferdigattest.

Det er og krav om at før bruksløyve eller ferdigattest for nye bustader innanfor område BB og B5 skal kryss frå Alvermarka nord mot fv565 vere utbera, ferdig og endeleg godkjent av Statens vegvesen. Er dette krysset utbetra og godkjent av rett vegmynde?

Med helsing

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG